



Universitetet i Bergen (UiB) er et internasjonalt anerkjent forskningsuniversitet med over 14 000 studenter og vel 3 500 ansatte ved seks fakulteter. Vi holder til midt i hjertet av Bergen og har våre røtter tilbake til etableringen av Bergens Museum i 1825. Vårt viktigste bidrag til samfunnet er fremragende forskning og utdanning av høyt kvalifiserte kandidater over en stor faglig bredde.

Seniorkonsulent (økonomi) - 2.gongs utlysning

Universitetsbiblioteket (UB) skal primært yte bibliotek- og informasjonstjenester til forsknings- og undervisningsmiljøa ved universitetet, og har om lag hundre stillingar fordelt på fire avdelingar.

Ved Universitetsbiblioteket er det ledig ei fast stilling som seniorkonsulent ved Avdeling for fellesfunksjonar frå juni 2012. Stillinga er for tida knytt til Administrasjonen og rapporterer til administrasjonssjefen. Administrasjonen har ansvar for Universitetsbiblioteket sin personal- og økonomiforvaltning, administrative prosedyrer og tenester, intern informasjon, postteneste og sekretariatfunksjon for UB sitt styre. Den ledige stillinga sitt hovudarbeidsfelt er økonomi. Universitetsbiblioteket disponerer om lag 130 millionar kroner over Universitetet sitt grunnbudsjett.

Arbeidsoppgåver

- Budsjett
- Rekneskap, analyse
- Rapportar, statistikk
- Generell sakshandsaming og utgreiing innan avdelinga sitt ansvarsområde
- Sekretær for Universitetsbibliotekets styre
- Øvrige arbeidsoppgåver ved avdelinga

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Høgare utdanning, helst masternivå, med økonomi i fagkrinsen, eller anna utdanning tilpassa dei oppgåvene stillinga skal dekkje
- Relevant praksis
- God økonomiforståing
- God skriftleg framstillingsevne på begge målformer
- Røynsle i bruk av økonomisystem og administrative IT-system
- Initiativrik, fleksibel, service- og resultatorientert
- God kommunikasjons- og samarbeidsevne

Me kan tilby

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver i eit godt arbeidsmiljø
- Løn etter lønnssteg 52-57 (kode 1363), etter kvalifikasjonar. For særleg kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast.
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse som inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til gunstig rente og yrkesskade- og gruppelivsforsikring.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til administrasjonssjef Marie Morken, tlf. 55 58 88 10.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida "Søk denne stilling" til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om det.

Søknadsfrist: 28.04.2012.

Søknaden skal merkast: 2012/2760

Jobbnorge-ID: 81558, Søknadsfrist: Avsluttet